



VESTNES KOMMUNE

Tekniske tenester

Valdleiarane

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
13.07.2018		12422/2018	2008/2482	Alexander Connor 71 18 40 80

Jaktinformasjon 2018

Årets jaktseong nærma seg og kommunen ønskjer med dette å informere litt om kommande jaktseong.

Fellingsavgift

Fellingsavgifta for 2018 blir satt til kr 410 for vaksne dyr og kr 249 for kalv.

Fellingsavgifta i Vestnes kommune har vore låg i fleire år. Med bakgrunn i auka utgifter finn adm.sjefen det naudsynt å auke denne. I samband med dei auka utgiftene har ein i kommande planperiode dessverre heller ikkje høve til å refundere kontrollerte dyr i 2018.

Kontroll

Kommunen har i fleire år vert lova at mellom anna politiet skulle gjere kontrollar i samband med jakta. Dette har dessverre ikkje vore gjennomført som avtalt. Ein vonar likevel at politiet ser nytta av ein slik kontroll og gjennomfører dette. Adm.sjefen vil på nytt gjere eit forsøk på å få ein slik kontroll gjennomført då dette er eit ønskje frå fleire vald.

Vi gjer merksam på at einkvar som utøvar jakt, plikter å la seg kontrollere, jfr § 37 i *forskrift om utøving av jakt, felling og fangst*. Kontrollen kan gjelde jegeravgiftskort, attestert skyteprøve, våpen og ammunisjon samt om dyr er felt i samsvar med fellingsløyve. Ein håpar at einkvar som blir kontrollert har forståing for dette.

Adm.sjefen ønsker ei tilbakemelding frå valda på kven som er kontrollørar, slik at ein kan kontakte desse ved kontroll av dyr. Dette skal gjerast på mail til alexander.connor@vestnes.kommune.no innan jakta tek til.

I henhold til § 23 i *forskrift om utøving av jakt, felling og fangst* skal jaktlag og personar som jaktar aleine ha tilgang på prøva ettersøkshund. Kommunen kan i løpet av jakta foreta rutinemessig kontroll om det er inngått slike ettersøksavtaler. Ein minner om at jegerane skal ved kontroll dokumentere tilgang på godkjent ettersøkshund. Malar for ettersøksavtaler finst på t.d. www.miljødirektoratet.no Vi anbefalar, dersom det er mogleg, at Storvalda inngår ettersøksavtaler som gjeld for alle som jaktar i valdet. Avtale om tilgang til godkjent ettersøkshund skal sendast kommunen, alexander.connor@vestnes.kommune.no, innan jakta tek til.

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no

Rapportering

Ein ber jaktfeltleiar/valdansvarleg representant om å rapportere fellingsresultatet til kommunen på fastsett måte seinast 14 dagar etter endt jakt. Det er viktig at jegerane held denne fristen då både valdansvarleg og kommunen har rapporteringsplikt til andre offentlege instansar.

Fellingsrapport

Ein syner til § 32 *rapporteringsplikt* i hjorteviltforskrifta. Valdansvarleg/jaktfeltsleder har ansvaret for at fellingsrapport er riktig utfylt og sendast kommunen innan 14 dagar etter avslutta jakt. Vi gjer merksam på at 0-uttak også skal registrerast.

www.settogskutt.no

Det er viktig at ein fyller ut denne korrekt.

I følge NINA-naturdata er ein no i gang med å teste ut nokre endringar i settogskutt. Mellom anna skal denne no betre tilpassast hjortejakta. Desse endringane skal vere på plass før jakta tek til. Adm.sjefen vil orientere valdleiarane so snart ein får melding om dette frå NINA.

Fellingsløyve.

For vald med godkjente bestandsplaner mottar valdansvarleg samla fellingsløyve for heile planperioden.

Jakttid

Jakttida for hjort er 01.09.- 23.12.

Jakttid for rådyr er 25.09.-23.12. (Bukkejakt frå 10.08.)

Vi gjer merksam på at dei valda som ynskjer det, kan innskrenke jakttida for deira vald innafor fastsett jakttid. For jakttider elles, sjå jakttidsbestemmingane frå Miljødirektoratet gjeldande frå 01.04.2017 - 31.03. 2022.

Ein vonar at dei dyktige valdleiarane og jegerane også i år utøvar ei forsvarleg og human jakt.

Med helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Alexander Connor
jordbruksansvarleg